



SYKKYLVEN

# **VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE**

Gjeldande frå 13.12.2021

## **§1 Hovudramme for drifta**

Dei kommunale barnehagane i Sykkylven skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagar og dei føresegne og retningslinene som til ei kvar tid er fastsett av departementet, ved kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehagen.

## **§2 Administrasjon**

Etter vedtak i Sykkylven kommunestyre er barnehagane politisk lagt under Levekårsutvalet.

## **§3 Føremålet og innhald i barnehagen**

Føremålet skal vere i samsvar med Lov om barnehagar med forskrift og Rammeplan for barnehagar.

Frå Lov om barnehagar (barnehagelova):

### - § 1. Formål:

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling."

### - § 2. Barnehagens innhold:

"Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter."

## **§4 Foreldreråd i barnehagar**

I foreldrerådet er alle foreldre/føresette som har barna sine i barnehagen. Ved røysting kan det gjevast ei røyst for kvart barn. Foreldrerådet sine oppgåver er ta i vare barna og foreldra sine interesser, vere med å arrangere foreldremøte, kurs og liknande for foreldre og tilsette.

Kwart foreldreråd bør ha eit arbeidsutval som administrerer arbeidet for foreldrerådet og kjem med forslag om saker som er aktuelle å ta opp, fordeler arbeidet mellom foreldra osb.

Arbeidsutvalet bør ha 3-5 medlemmar . Leiaren og sekretæren i foreldrerådet bør vere medlemmar og ha dei same funksjonane i arbeidsutvalet.

På første møte om hausten vel foreldrerådet sine representantar i samarbeidsutvalet for barnehagen.

Leiar / sekretær skal gjere samarbeidsutvalet i barnehagen kjend med foreldrerådet sine synspunkt.

Møte i foreldrerådet skal haldast minst 2 gongar i året. Første møte vert kalla inn til av styraren. Det skal førast møtebok.

## **§5 Samarbeidsutval i barnehagar**

Samarbeidsutvalet i kommunale barnehagar kan vere på 6 medlemmar. (Alle med personleg vara)

- 2 representantar valt av foreldrerådet
- 2 representantar valt av dei tilsette
- 1-2 representantar valt av kommunen

Har barnehagen 20 barn eller færre, skal samarbeidsutvalet ha 1 representant frå kvar av dei nemnde gruppene.

Representantar frå foreldra og dei tilsette skal veljast for eitt år om gongen. Dei andre har ei funksjonstid på 4 år. Samarbeidsutvalet vel sjølv leiari.

Styraren har ikkje røysterett utan at ho/han er vald til medlem. Styrar er sekretær for Samarbeidsutvalet og har møte-, tale- og forslagsrett. Samarbeidsutvalet kan berre ta avgjerd når minst halvparten av medlemane er til stades. Samarbeidsutvalet sine avgjerder vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetalet er likt, er leiaren si røyst avgjerande.

Samarbeidsutvalet sine oppgåver:

Samarbeidsutvalet skal i samråd med styraren sjå til at barnehagen vert driven i samsvar med lover, rammeplan, retningsliner, vedtekter og kommunale vedtak innanfor ramma av det vedtekne budsjett. Samarbeidsutvalet skal med utgangspunkt i rammeplanen, fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Andre viktige saker er; framlegg til budsjett, driftsendringar, arealnytting m.m.

## §6 Opptaksrets og opptak i barnehagane

Plassane i dei kommunale barnehagane er for barn som er busett i kommunen. Dette gjeld også for barn som ikkje er busett ved søkjetidspunktet, men der foreldra har varsla flytting til kommunen. Ved ledig kapasitet kan barn frå andre kommunar få plass. Barn frå andre kommunar får plass eitt år om gongen.

Elektronisk søknad ligg på kommunen sine heimesider og skal sendast kommunen. Dei som ikkje har tilgang til pc kan få hjelp på Servicetorget, sosialkontoret eller biblioteket.

Klage på opptak skal sendast Sykkylven kommune.

Med etterhald om rett betaling, kan barn som har fått plass, behalde plassen fram til skulestart utan ny søknad. Ved overgang frå småbarnsplass til storbarnsplass har ein ikkje rett til overføring i same barnehage.

Foreldre/føresette som har barn (søsken) som ikkje går i same barnehage, har rett til å søkje om «søskensamanslåing». Denne gruppa får ein eigen søknadsfrist, og søknadane skal handsamast i forkant av hovudopptaket.

Foreldre/føresette til eit barn som allereie har barnehageplass, men ønskjer å bytte til ein annan barnehage, må søkje på ordinær måte i hovudopptaket. Dersom denne søkeren får innvilga sin 1. eller 2. prioritet, så fell tidlegare tilbod automatisk bort.

Der det i søknadsskjema vert kravd dokumentasjon på opplysningar i søknaden, må dokumentasjonen sendast kommunen i eige brev. Konvolutten skal merkast "Barnehageopptak".

Klage på opptak skal sendast Sykkylven kommune. Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage gjer greie for klageretten og kva som er grunnlag for å klage på opptaket. Ved hovudopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søker kan også klage dersom han verken får sitt første eller andre ønskje oppfylt.

I den grad ein har lovfesta rett til barnehageplass gjeld slik prioritering ved opptak:

1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter barnevernlova. Dokumentasjon frå sakkunnig instans må bekrefte at barnet har nedsett funksjonsevne. Vedtak etter barnevernlova må også dokumenterast. Dette skal sendast i eige brev og vere kommunen i hende seinast tre yrkedagar etter at søknaden er sendt. Dokumentasjonen må ikkje vere eldre enn tre månader.

2. Barn frå familiar som har store belastninger på grunn av sjukdom eller funksjonshemming hos føresette/søsken, eller andre omstende som etter ei totalvurdering gir høg prioritet.  
Dokumentasjon frå sakkunnig instans (t.d. legeerklaering) skal sendast i eige brev og vere kommunen i hende seinast tre yrkedagar etter at søknaden er sendt. Dokumentasjonen må

ikkje vere eldre enn tre månader.

3. Barn av flyktingar/asylsøkjarar som har budd mindre enn tre år i kommunen. Prioritet skal gjevast sjølv om barnet ikkje har lovfesta rett til plass i høve alder.
4. Barn som har søsken i barnehagen og som har rett til plass etter barnehagelova.
5. Barn av personar som er tilsett, eller skal tilsetjast, i ein av dei kommunale barnehagane.
6. Barn som har eitt år igjen til skulestart.
7. Barn med lovfesta rett til plass.
8. Høgste alder ved elles like høve.

I særskilde høve kan andre faktorar enn det som står på prioriteringslista leggjast vekt på. Ved samansetjing av barnegruppene kan det takast omsyn til at det blir ei rimeleg fordeling med tanke på alder, kjønn og funksjonsnivå.

## **§7 Tilvenning av barn**

Når eit barn skal byrje i barnehage bør nærmaste føresette (eller ein person som barnet er nær knytt til) ta seg tid til å vere hos barnet i tilvenningsperioden. Det vil seie til barnet har funne seg til rette. Denne tida kan variere frå barn til barn. Ein har 2 månaders prøvetid i barnehagen for å sjå om barnet finn seg til rette. Dersom barnet framleis har tilvenningsvanskar etter denne tida skal det kallast inn til samtale mellom foreldre/føresette, styrar (eller ein annan representant for personalet) og ein representant for PP-kontoret.

## **§8 Helseattest / sjukdom**

Ved opptak av barn i barnehage skal det av dei føresette fyllast ut erklæring om barnet si helse. Dette skal gjerast på fastsett skjema, godkjent av Helsedirektoratet. Det er ein føresetnad at alle barn har vore til regelmessig legekontroll på helsestasjonen. Dersom barnet ikkje har det, må foreldra legge fram helseattest.

Sjuke barn skal ikkje møte i barnehagen. Med sjuke barn meiner ein barn som har feber, omgangssjuke, augekatarr, utslett eller andre sjukdommar som gjer at barnet ikkje kan delta i dei ordinære aktivitetane inne og ute. I tvilstilfelle avgjer styraren dette. Dersom det er farleg smittsam sjukdom i heimen, skal barnet heller ikkje møte.

Blir eit barn borte frå barnehagen grunna sjukdom eller andre årsaker, må det meldast frå til styrar eller pedagogisk leiar snarast råd og seinast etter 2 dagar.

## **§9 Foreldrebetalning**

Maksimalgrensa for foreldrebetalning for heildags ordinært tilbod vert sett av Stortinget i det årlege budsjettvedtaket. Mjølk, frukt og kostpengar kjem i tillegg til ordinær foreldrebetalning.

Ein skal betale frå den dato barnet har fått plass. Det vert ikkje gjeve fråtrekk for vanleg fråvær, heller ikkje for dei dagane barnehagen held stengt utanom sommarferien.

Ingen hushaldninger skal betale meir enn 6% av si årsinntekt (skattepliktig kapital- og personinntekt) for ein barnehageplass. Foreldre/føresette må sjølve søkje kommunen om reduksjon i foreldrebetalninga. Siste års sjølvmelding må leggast ved søknaden som dokumentasjon.

Kommunen har søskenmoderasjon, det vert gjeve 30% moderasjon for barn nummer 2, 50% moderasjon for 3. og fleire barn.

Foreldrebetalinga blir rekna etter 11 månader i året. Søknad om friplass (heil eller delvis) skal sendast Barne- og familieteneste.

Oppseiingstid for barnehageplass er to månader rekna frå den 1. i månaden etter oppseiing er levert. Vert plassen sagt opp etter 1. mars vil ein kunne pårekne at det vert kravd betaling for plassen ut barnehageåret, dvs ut juni månad. Ved særskilte høve kan det gjerast unntak frå denne regelen. Unntak kan mellom anna gjerast dersom ein får inn eit nytt barn på den ledige plassen. Oppseiing skal skje skriftleg.

Dersom ein ved forfall ikkje betaler for barnehageplassen, vil ein motta purring og betalingsvarsel. Vidare kan plassen verte oppsagt frå kommunen si side gjennom vedtak som kjem i eige brev. Oppseiingsfristen er ein månad rekna frå månaden etter at oppseiingsvedtaket vart gjort.

Dersom eit barn er fråværande frå barnehagen grunna langvarig sjukdom eller skade, kan det gjevast betalingsfri etter 4 veker. Søknad om betalingsfratak må vere skriftleg og legeerklæring for heile fråværet må leggast ved.

## **§10 Teieplikt**

Medlemmane i samarbeidsutvala og personalet i barnehagane har teieplikt etter §20 i lov om Barnehagar, jf. §§ 13 til 13f i forvaltningslova.

## **§11 Personalet si opplysningsplikt**

Personalet i barnehagar har etter §21 i barnehagelova plikt til å gi sosialtenesta bistand. Personalet har etter §22 i barnehagelova og plikt til gje barnevernstenesta opplysningar om forhold som kan gi grunnlag for tiltak frå barnevernstenesta si side.

## **§12 Opningstid/oppaldstid/bemannning**

Barnehagane er heildagsbarnehagar med opningstid inntil 10,5 timer pr. dag alle kvardagar unntake laurdag. Barnehagane tilbyr plass 5 dagar pr. veke.

Oppaldstid for det enkelte barn vert avtala med barnehagen innanfor ramma av opningstida. Ein bør ta omsyn til at barnet ikkje har for lange dagar i barnehagen sjølv om fleksibiliteten aukar. Oppaldstid over 8-9 timer pr. dag er ikkje til barnets beste.

Barnehagen er som hovudregel stengd i 4 veker om sommaren (fellesferien). Men det vert gitt tilbod om opphold første og siste veke i fellesferien dersom minst 8 barn er registrert med slikt ønske innan 1. april (gjeld samla for alle dei kommunale barnehagane). Dette tilbodet vert samlokalisert i *ein* av dei kommunale barnehagane. Informasjon kring tilbodet skal sendast ut til foreldre/føresette seinast 15. mars. For å ivareta barnas behov for tryggleik skal det vere bemanning frå alle barnehagar som har barn representert. Førskulebarna vert difor ikkje omfatta av barnehagetilbodet den siste veka i fellesferien (august).

Barn skal ha minst 3 veker samanhengande ferie i løpet av barnehageåret. Uttak av fire ferieveker må skje innanfor skulane sin sommarferie (jf. skuleruta). Barnehagen er stengd i samband med 5 planleggings-/studiedagar, frå og med 24. desember til og med 1. januar, og frå og med måndag etter palmesøndag til og med 2. påskedag.

Barnehagen har ei grunnbemannning i tråd med gjeldande pedagognorm og bemanningsnorm.

## **§13 Ansvar**

Personalet har ansvar for barna i den tida dei er i barnehagen. Foreldre/føresette må sjølv syte for /ordne med bringing og henting av barna sine. Foreldre/føresette må ikkje forlate barnet før personalet har teke hand om det om morgonen. Foreldre/føresette må ikkje forlate barnehagen med barnet utan at personalet er varsle om ettermiddagen.

Ved for sein henting kan det bli kravd eit gebyr på kr 500,-

## **§14 Helseattest personale**

Barnehagen sitt personale pliktar å gjennomføre tuberkulinkontroll i samsvar med gjeldane regelverk. (Ved utanlandsopphold lenger enn 3 mnd. i land opplista av helsedirektoratet)

## **§15 Politiattest personale**

Alle tilsette og vikarar ved barnehagane har plikt til å levere politiattest ved tilsetting.

## **§16 Normer for arealbereking**

Ved godkjenning av barnehagar i kommunen skal departementet sine normer for barna sitt leike- og opphaldsareal leggast til grunn. Leike- og opphaldsarealet for barn over 3 år er sett til 4 m<sup>2</sup> og leikeog opphaldsarealet for barn under 3 år er sett til 5,5 m<sup>2</sup>. På aldersblanda avdelingar tel barn under 3 år to plassar. Leikearealet ute skal vere om lag 6 gongar leikearealet inne.

Godkjent leike -og opphaldsareal:

Blakstad barnehage 251 m<sup>2</sup>

Tandstad barnehage 138 m<sup>2</sup>

Ullavik barnehage 270 m<sup>2</sup>

Vik barnehage 160 m<sup>2</sup>

Vikedalen barnehage 372 m<sup>2</sup>

## **§17 Helse/miljø/sikkerheit (internkontroll)**

Barnehagane skal ha interne rutinar og kontrollsysteem som ivaretek krava til helse, miljø og sikkerheit for barn, personale, arbeidsrutinar og bygg. Styraren er ansvarleg for oppfølging av internkontrollrutinane i barnehagen. Internkontroll er ivareteke gjennom eigar sitt system Risk Manager Kvalitet.

## **§18 Målform**

Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagen.

## **§19 Ikratftreding**

Vedtekten trer i kraft frå og med vedtak i Levekårsutvalet den 26.11.2008. Justert etter vedtak i Levekårsutvalet 26.03.2019.

## **§20 Endring av vedtekten**

Endring av vedtekten skal gjerast av Levekårsutvalet, unntake er mindre justeringar der rådmannen har delegert mynde til å gjere vedtak.